

Årsmelding 2012

for

Stiftinga Håkonshaugen

Årsmeldinga gjeld arbeidet for styret i Stiftinga Håkonshaugen i tida 01.01.2012 – 31.12.2012. På grunn av at eigarlaga vel sine nye representantar over ein periode på åtte månader, med Lindås kommune først i september 2011 og Lindås sogelag sist i april/mai fekk ikkje styret konstituert seg før 12.9.2012:

Dei som har site i styret i 2012 er:

Astrid Aarhus Byrknes	vald frå Lindås kommune sept. 2011
Jostein Hellestveit	vald frå Lindås kommune sept. 2011
Sissel-Anny Hjelmtveit	vald frå Grendahuset Strilatun mars 2012
Ivar Hopland	vald frå Grendahuset Strilatun mars 2012
Svanhild Tofting	vald frå Lindås sogelag mai 2012
Eldbjørg Valle	gjekk ut som repr. Strilatun mars 2012
Bjarne Foss	gjekk ut som repr. Lindås sogelag mai 2012

Vararepresentantar 2012:

frå Lindås kommune: Anne Julie Hetland og Asle Hetlebakke
frå Gr.h. Strilatun: Rune Rydland og Jon Hopland

Sissel-Anny Hjelmtveit sat som leiar fram til det nye styret konstituerte seg 12.9.2012 med:

<i>Jostein Hellestveit</i>	<i>leiar</i>
<i>Ivar Hopland</i>	<i>nestleiar/skrivar</i>
<i>Sissel-Anny Hjelmtveit</i>	<i>kasserar</i>
<i>Svanhild Tofting</i>	<i>styremedlem</i>
<i>Astrid Aarhus Byrknes</i>	<i>styremedlem</i>

Styret i Stiftinga Håkonshaugen har hatt 6 styremøte i 2012 og handsama 33 saker. Styret har i tråd med tidlegare år ikkje hatt møtegodtgjersle eller anna godtgjersle i 2012 frå Stiftinga.

Økonomi:

Underskot i Håkonarspelet med etterslep av fleire ubetalte rekningar har vore vanskeleg, og styret har i 2012 måtta seia opp lageret hjå Terje Hopland. Benker, material er selde og rydda ut. Tårnet som vart bygt til Håkonarspelet i 2011 og deretter demontert, er framleis lagra der. Me har fått inn kr 7 650 i kostymeutleige til Sæbø ungdomslag og songkoret Albatross.

Lindås kommune har i 2012 ikkje dekka lagerleiga for kostymelageret hjå Rydland med kr 12 000, slik dei har gjort før, men ytte Stiftinga kr 25 000 i kulturmidlar og har dekka eit privat lån på kr 27 600.

I 2012 vart det søkt om momsrefusjon knytt til det oppsette Håkonarspelet i august 2011, og stiftinga fekk kr 68 423 kr refundert 10.12.2012. Dermed var stiftingskapitalen på kr 50 000 og økonomien på plass att med bankinnskot på kr 87 885.

Arbeid med utvikling av området Håkonshaugen i 2012:

Styret hadde møte 30.5.2012 med Kåre Jordal og Sveinung Toft frå teknisk etat om oppfølging av kommunestyrevedtok i sak PS 100/11 som del av arealdelen av kommuneplanen 2011-2023:

4. Kommunestyret sender sak om området sør/vest for Håkonshaugen til ny vurdering, frå LNF til offentlig føremål, i tråd med innspel frå Stiftinga Håkonshaugen.

Innspelet det er vist til, er brev frå Stiftinga ved leiar Sissel-Anny Hjelmtveit datert 14. juli 2011 om å endra/flytta tidlegare regulert område for amfi og bygg frå areal nedom hovudvegen til nytt område sørom og nedom haugen på oppsida av hovudvegen.

Eit viktig og nytt moment i saka, er at grunneigar Olaug og Terje Hopland no har sagt at dei vil avstå ca. 4 mål sørom/nedom haugen til formålet, noko dei ikkje har vore positive til før. Dei har også sendt stiftinga planteikning over korleis dei tenkjer seg at området kan nyttast, og med ny tilkomstveg.

Representantane frå kommunen meinte at det var rett å ha ei politisk behandling av reguleringa som oppfølging av kommunedelplanen, og å laga ein planstrategi. Dei bad stiftinga skaffa til veges ein intensjonsavtale der grunneigar seier seg villig til å selja grunn til utvikling av området og ny veg til Håkonshaugen. Dette vart gjort.

Framtida for Stiftinga

Styret har drøfta stoda for stiftinga med tanke på at Lindås kommune gjorde kommunestyrevedtak 13.9.2012 om å trekkja seg ut som medeigar i stiftinga og oppmoda styret om å oppløysa Stiftinga.

Styret skipa til eit ope møte om framtida for Stiftinga i Grendahuset Strilatun onsdag 28. november der dagleg leiar for Moster Amfi, Gerd Helen Selle, orienterte om korleis Moster amfi vart oppretta som stifting og vert organisert i dag som A/S, der fylke og kommune eig halvparten kvar og difor yter til dels store tilskot til drifta kvart år.

Styret har vedteke å venta til 2013 med å ta endeleg avgjerd etter at dei andre eigarane, Grendahuset Strilatun og Lindås sogelag, har hatt sine årsmøte.

Seim, 1. mai 2013

Jostein Hellestveit Astrid Aarhus Byrknes Ivar Hopland

Svanhild Tofting

Sissel-Anny Hjelmtveit